

Mandat for styringsgruppa – System for styrka læring i kompetanseregion Sogn

1. Formål

Styringsgruppa skal sikre strategisk leiing og utvikling av *System for styrka læring* i kompetanseregion Sogn. Gruppa skal arbeide for å realisere intensjonane i *System for styrka læring*, nasjonale styringsdokument for barnehage og grunnskule, med mål om å styrke kvaliteten i opplæringa.

2. Ansvar og oppgåver

Styringsgruppa skal:

- Vere ein strategisk pådrivar for utvikling og implementering av system for styrka læring.
- Sikre at arbeidet er forankra i nasjonale og regionale føringar, styringsdokument og kompetansestrategiar.
- Følgje opp mål og tiltak i programplanen for 2022–2030 gjennom rullerande handlingsplan.
- Bidra til samordning og samarbeid mellom kommunane i kompetanseregionen.
- Vurdere og tilrå prioriteringar for ressursbruk og kompetanseutvikling regionalt.
- Sikre evaluering og vidareutvikling av *System for styrka læring* basert på forskning, erfaring og resultat.

3. Samansetjing

Styringsgruppa består av:

- Kommunalsjefar for oppvekst for Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal.
- Regionkontaktar for dei tillitsvalde.

4. Møtefrekvens og arbeidsform

- Styringsgruppa møtest etter behov (digitalt), men minimum fysisk fire gonger i året.
- Leiaransvaret vert lagt til leiar av kompetanseregionen.
- Koordineringsfunksjon vert lagt til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (Sogn KO).

5. Rapportering

- Styringsgruppa rapporterer til styret i Sogn KO om framdrift og resultat.